



*Ulla Skulehus Haramsey  
Skjipa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

## **Styremøte Ulla Skulehus 19. august 2010**

Møte på telefon og e-post

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Grethe Flem Ulla og Peder Ulla

### **Sak 1 2010/2011**

#### **Val av orgel til skulehuset**

På årsmøtet 12. juni 2010 vart det orientert om at vi hadde fått to tilbod om orgel. Det eine var frå Kirsti Ulla (Jo-Kirsti), og det andre var frå Grete Åkre. Kirsti sitt orgel er eldst og årsmøtet vedtok at vi skulle undersøkje tilstanden til dette orgelet først. Orgelet er no undersøkt og prøvespelt av Torstein Aksnes. Han konkluderte med at det er ein god del som må reparerast på orgelet før det kan brukast til å spele på. Vi har ikkje høve til å gjere dette, og styret konkluderte med at vi tek imot tilbodet frå Grete Åkre om orgelet som ho arva etter mor si Janna Åkre. Orgelet står no på Kvasneset i Sula. Grete vil sørge for transport til Ulla når det høver.

### **Sak 2 2010/2011**

#### **Tilbod på listverk til dører og vindauge innvendig**

Knut Hallvard har innhenta tilbod på lister frå Vadset Tre på Skodje. Samla sum på ca kr 8000. Styret gjorde vedtak om bestilling og innkjøp. Sjå nettsida under byggeskikk.

Knut Hallvard Ulla  
Skrivar